



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår dato:

01.07.2024

Vår ref:

2020/10072

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Halvor Røssum, 5764 3144

Kunngjering av vernevedtak for Vestreim naturreservat i Sogndal kommune

Den 21. juni 2024 vart 27 nye skogområde verna i åtte fylke i Noreg ved kongeleg resolusjon. To av desse ligg i fylket vårt, i både Sogndal og i Kinn kommunar, der område med gammal og verdifull skog no har fått varig vern.

Vernevedtaket i statsråd omfattar 45 km² nytt verneareal i Noreg, der 34 km² dekker produktiv skog. Vernet er ledd i arbeidet med å ta vare på eit representativt utval av norsk natur og sikre truga, sjeldne og sårbare artar og naturtypar for framtidige generasjonar. Vestreim naturreservat utgjer eit areal på 2338 dekar. Området vart verna gjennom ordninga for frivillig skogvern. Prosessen fram mot vernevedtak har vore eit samarbeid mellom grunneigar, AT Skog og statsforvaltinga. Samarbeidet mellom skogeigarorganisasjonane og miljømyndighetene om frivillig vern av privateigd skog starta i 2003 og har vore vellukka på alle vis.

Foredraget til Kongeleg resolusjon finn du på Klima- og miljødepartementets heimeside ved å følgje denne lenkja: [Vernar 27 skogområde i åtte fylke - regjeringen.no](#). Kongeleg resolusjon og verneforskriftene ligg også vedlagt. Du kan lese meir om vernearbeidet på nettsida vår under temaet miljø og klima.

Tek vare på viktig natur

I Vestreim naturreservat i Sogndal kommune finn ein ulike skogtypar. Naturreservatet ligg i mellomboreal vegetasjonssone i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon, i ei sørsvendt li. Høgdenivået varierer frå om lag 500 til om lag 800 meter over havet. Lengst nord i dei høgstliggande områda er det gammal boreal lauvskog med furu. Lenger ned i lia er det gammal og skrinn heifuruskog. Dei sørlegaste, og lågtliggende områda er dominert av gammal furuskog med høg bonitet.

Dei største verneverdiane i naturreservatet er knytt til den gamle furuskogen i dei lågare delane av verneområdet. Her finn ein skog med variert alder, som under kartlegging utført av Rådgivende Biologer i 2020 vart kartlagt som viktig (B-verdi). Her er det registrert arten gubbeskjegg, som er på raudlista med status som nær truga (NT). Rådgivende Biologer AS vurderte og at det er potensiale for ytterlegare funn av raudlista artar knytt til daud furu i området. Vestreim naturreservat ligg nær



fleire andre naturreservat som er oppretta dei siste åra, og styrker dermed nettverket mellom skogvernområde nord for Sognefjorden i indre fjordstrøk.

Vernekart og vernereglar er lett tilgjengeleg

Verneforskrift og vernekart blir oppbevart hos miljøavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet, i Klima- og miljødepartementet og i kommunen. Reservatet er avmerkt i offisielle digitale kartportalar som Fylkesatlas, [Naturbase](#) og Kilden. Gjennom desse digitale karta kan ein også følgje lenke til verneforskriftene som elles er å finne på [lovdata](#). Grunneigar og andre rettshavarar som ønskjer å få oversendt papirkopi av vernekart og vernereglar kan ta kontakt med oss. Alle som har hatt saka på høyring blir underretta om vedtaket gjennom dette brevet.

Vi minner om at Sogndal kommune må sørge for å gjere vernegrenser og vernekart kjent og tilgjengeleg, slik at omsynet til verneområdet blir innarbeidd og ivaretakte i kommunen si arealplanlegging.

Erstatning

Vestreim naturreservat er oppretta gjennom ordninga med frivillig vern av skog. Ved frivillig vern av skog er erstatningssummen avtalt med grunneigar på førehand, og blir utbetalt av Miljødirektoratet kort tid etter at vernevedtaket er fatta, med mindre det er gjort anna avtale mellom grunneigar og Miljødirektoratet.

Bruk og skjøtsel

Vernet fører med seg ei innskrenking i grunneigar si råderett over eigedomen sin. Naturreservatet er no freda mot alle inngrep som kan forringe verneverdiane, jf. verneforskrifta. Hogst og andre tekniske inngrep er forbode. Det er ikkje lov å ri eller sykle i naturreservatet. Friluftsliv, jakt og fiske kan fortsette som før etter vanlege reglar, og det er framleis lov å plukke bær og matsopp.

Dersom ikkje anna er nemnt i verneforskrifta så gjeld viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og motorferdslelova. Forvaltningsmyndigheita kan setje i gang skjøtselstiltak for å sikre verneverdiane, som t.d. uttak av framande artar.

Forvalting, merking og oppsyn

Miljødirektoratet har i brev datert 24.06.2024 delegert forvalningsstyresmakt for Vestreim naturreservat til Statsforvaltaren i Vestland. Dersom kommunen, i ettertid av delegeringa, ønskjer å overta forvaltningsmyndigheit kan Sogndal kommune gje tilbakemelding til Miljødirektoratet om dette. Når det ikkje er ytra ønskje om lokal forvaltning blir vanlegvis forvaltningsmyndigheita lagt til Statsforvaltaren, som i Vestreim sitt tilfelle.

Spørsmål knytt til vernevedtaket og om forvaltninga kan du rette til Statsforvaltaren i Vestland. Vedtaket om vern er presentert på heimesidene våre: [To nye naturreservat i Vestland vil sikre viktig natur for framtida | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#). Vernevedtaket blir også kunngjort i lokalavisar som blir lest på staden.

Vi vil, med heimel i vernevedtaket, sørge for at naturreservatet blir merka, skilta og kartfesta. Jordskifteretten vil styre grensemerkinga og invitere med grunneigarane på dette når det vert aktuelt. Yttergrensene vil då bli merka med boltar med påskrift *vernegrense*, og skilta med påskrift *naturreservat* der det er behov. Vedtaket inneberer også ei varig hefting som vil bli tinglyst på den enkelte eigedom.



Det er Miljødirektoratet ved Statens naturoppsyn (SNO) som gjennom Lov om statlig naturoppsyn, skal føre kontroll med at reglane i verneforskriftene blir følgt. Oppsynet skal drive rettleiing og informasjon, samtidig som dei kan drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon etter oppdrag frå forvaltningsmyndigheita. Det er Anne Rudsengen i SNO som vil ha ansvaret for å følgje opp Vestreim naturreservat.

Stor takk til grunneigarane og kommunane

Avslutningsvis ønskjer vi å rette ein spesiell takk til både grunneigar og kommunen for at dei over lang tid har hatt ein klok og framtidsretta bruk og arealforvalting av områda. Dette har sikra viktig natur for framtida.

Med helsing

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Halvor Røssum
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Foredrag til kongeleg resolusjon
- 2 Forskrifter for nye naturreservat juni 2024

**Mottakarliste:**

AT Skog SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Kommunal- og distriktsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO



Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitoligisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
SYGNIR AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
SGQN OG FJORDANE ENERGI AS	Sørstrandsvegen 227	6823	SANDANE
SGQN OG FJORDANE TURLAG	Storgata 1	6993	HØYANGER
NTNU VITENSKAPSMUSEET	Erling Skakkes gate 47	7491	TRONDHEIM
SGQN TERRENGSYKKEL	c/o Petter Andreas Strøm Kleivane 27	6856	SOGNDAL
KVINNHERAD ENERGI AS	Skålagato 50	5470	ROSENDAL
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
KAUPANGER IDRETTSLAG	Kaupanger idrettslag Postboks 30	6854	KAUPANGER
SOGNDAL IDRETTSLAG	Postboks 164	6856	SOGNDAL
SOGNDAL TURLAG	Helgheimsvegen 14	6856	SOGNDAL
SOGNDAL JEGER- OG SPORTFISKARLAG	Postboks 30	6851	SOGNDAL



BRATT MORO AS	Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD SOGN OG FJORDANE	Stardalen 700	6843	SKEI I JØLSTER
SGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Marit Randi Milde Aingedalsvegen 639	6811	FØRDE
SGN OG FJORDANE TURLAG	Storgata 1	6993	HØYANGER
NORSK ORNITOLOGISK FORENING AVDELING SGN OG FJORDANE	v/Nils Christian Bjørgo Sandvik Gard	6926	KRAKHELLA
VISIT SOGNEFJORD AS	Fosshaugane Campus Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Anders Selseng	Vestreimsvegen 5	6854	KAUPANGER
Magne Bruland Selseng	Skogavegen 88	6854	Kaupanger
KAUPANGER HOVEDGÅRD NILS JOACHIM KNAGENHJELM	Kaupanger Hovedgård Jektestrondi 2	6854	KAUPANGER
Rune Nornes Valeberg	Mannhellervegen 548	6854	KAUPANGER
Sogndal Bondelag			
Sogndal og Leikanger Bonde- og Småbrukarlag			
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO